

# RAPPORT

## Huset i bygda 2010-2012

## **Utarbeid april 2013**

Kristin Sandal

Prosjektleiar

Huset i bygda

## Innleiing

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) og Norske kulturbrygg (Nk) starta prosjektet i 2010 etter ein gjennomgang av behov innanfor SOFUL og dei lokallag som er eigar av hus. Det vart gjort ein kartlegging som viste eit stort behov for meir oppfølging og hjelp på deira problemstillingar som huseigar. Det vart bestemt å starte prosjektet Huset i bygda (HIB) januar 2010 med ein treårig prosjektperiode. Styret i SOFUL utarbeide ein prosjektplan der også kulturbrygg eigm av andre organisasjonar enn lokallag av Noregs Ungdomslag vart inkludert.

## Samandrag

Huset i bygda vart starta i januar 2010 med sikte på ein treårig prosjektperiode. Det vart utarbeida ein prosjektplan som la grunnlag for kva delmål ein skulle nå undervegs og kva prosjektet skulle ha som hovudmål . For å nå desse måla vart det satt opp ulike tiltak og plan for arbeidsmetode. Sidan det er eit nyskapande prosjekt som ikkje tidlegare har vore gjennomført og som ikkje har ein mal å følgje vart det ein utfordring å finne ein arbeidsmetode som fungerte for alle deltakande partar. Men dette har vi lukkast i. Huset i bygda har gjennom den treårig prosjektperiode fått gjennomført dei tiltak som låg i prosjektplanen. Det var hovudfokus på fem tiltaksområder; lokale kurs og rettleiing til huseigare, Kulturhuskonferansen og regionale huskurs, bygdemøte for huset, synleggjering av husa og politisk påverknad og dokumentasjonsarbeid. Det har vore eit dynamisk prosjekt som har følgt huseigare sine ynskjer og behov, men vi ser at alt fell under dei ulike tiltaksområda som låg i planen. Prosjektet var i utgangspunktet bygd opp med to eigar organisasjonar, men som i løpet av perioden er blitt til ein. Norske kulturbrygg vart i 2012 lagt ned, og Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) har stått åleine som eigar etter den tid. Det vart satt ned ei styringsgruppe bestående av to medlemmer oppnemnt av styret i SOFUL og prosjektleiar. Gruppa har hatt møter med jamne mellomrom for å halde kontinuitet og jamleg evaluering av satsningsområder. Dette har vore ein effektiv arbeidsmetode som har gjort at vi har klart å holde strukturen på prosjektarbeidet, i ein organisasjon som bortsett frå prosjektleiar i Huset i bygda er utan tilsette. Frå starten i 2010 var vi tydelig på at vi ved behov skulle reviderte plan og struktur, men ser at prosjektplanen har lagt tilnærma uendra, som ein solid grunnmur for arbeidet. Resultatet er målbart utifra verktøy som er blitt ferdigstilt og framleis er under arbeid, og som har resultatert i eiga nettside som er blitt ei digital verktøykasse. Her kan huseigare få tilgang til alt frå malar på utleigekontrakt, budsjett og rekneskap til oversikter over tilskotsordningar og ein husdatabase. Pr. april 2013 har vi fått oversikt på 290 hus som går under kategorien organisasjonseigde kulturbrygg i Sogn og Fjordane. Dette talet kan gje ein viss formeining om kor mange hus vi har totalt sett i Norge, og viser behovet for å sette temaet på dagsordenen. Vi har vore i kontakt med 87 unike hus og 163 personar knytt til desse husa. Kontakten varierer frå å vere på tlf. og e-post til at huseigare eller prosjektet aktivt er med på møter og deltaking på kurs og konferansar. Sogn og Fjordane har vedtatt å vidareføre prosjektet i ny tre års periode, og har frå 1.mars 2013 tilsett ny prosjektleiar. Noregs Ungdomslag tar eit større eigarskap til prosjektet og vil vere overførings kanalen til andre som ynskjer å ta i bruk malen vi har laga. Hordaland Ungdomslag er i planleggingsfasen for oppstart i deira fylke og har mål om å kunne starte i løpet av hausten 2013.

## Bakgrunn

Ungdomshuset, bygdehuset, grendehuset, samfunnshuset og andre organisasjonseigde kulturbrygg er sjølv fundamentet for store delar av det lokale kulturlivet i Sogn og Fjordane. Dei er uvurderlige som sosiale møtestadar for alle generasjonar og mange kulturbrygg er viktige kulturminne som må vernast for ettertida. Mange av kulturbrygga er einaste forsamlingshus i bygda, eller fungerer som eit viktig supplement til kommunale kulturhus.

Frå prosjektet "Huset i bygda" starta under Kulturhuskonferansen i mars 2009 har vi merka oss at mange av laga som eig og/eller driv lokale kulturbrygg har stort behov for kompetanse, støtte og ny giv i arbeidet for huset. Tida er inne for å satse sterkare på dei organisasjonseigde kulturbrygga i fylket! Sogn og Fjordane Ungdomslag og Norske kulturbrygg vil derfor legge større innsats inn i prosjektet.

I Sogn og Fjordane Ungdomslag er 22 ungdomslag eigneigar av eit lokalt ungdomshus, og 10 lag er

medeigar i lokale kulturbrygg. Hausten 2008 deltok alle ungdomslaga som er eineeigar av hus i ei intern undersøking om ungdomshuset. Mange av desse ungdomshusa er einaste samlingsstad i bygda, og rommar det meste av aktivitetar. Laga som svarte på undersøkinga meldte frå om at dei trengde større kompetanse i arbeidet med å drive husa, og mange ynskte å modernisere huset. Dei lokale husa er fundamentet i prosjektet. Erfaringa vår er at behovet for eit prosjekt som "Huset i bygda" er svært stort.

I 2009 har Sogn og Fjordane Ungdomslag og Norske kulturbrygg stått i lag om Kulturhuskonferansen i Undredal i mars og Kurs i husdrift i Førde i oktober. Begge kursa hadde god oppslutnad og deltakarane var svært positive til eit prosjekt som "Huset i bygda". Vi ynskjer å byggje vidare på erfaringa frå desse kursa i det vidare arbeidet med prosjektet, og vil satse enno sterkare på lokal kompetanseheving i åra framover.

Eit viktig mål i 2009 har vore å gje lag med hus kjennskap til Kulturminneåret 2009 og auka kompetanse om husa som kulturminne. Husa som kulturminne vil vere ein viktig del av prosjektet også vidare, og vi ynskjer å samarbeide med både det offentlege og andre organisasjonar om dette. I doktorgradsavhandlinga til Grete Swensen, forskar ved NIKU, Norsk institutt for kulturminneforskning, forskar ho på forsamlingshusa i perioden 1870-1940. I artikkelen "Vår demokratiske kulturarv" (Fortidsvern nr 1/2007) skriv Swensen "... *I mange sammenhenger tillegges en bygning verdi i bevaringssammenheng fordi den er resultat av solid materialinnsikt, god håndverkskunnskap, gode proporsjoner osv. En bygning bør imidlertid også kunne tillegges verneverdi fordi den er resultat av sosiale verdier som medinnflytelse og tiltakslyst. Slike egenskaper ved en bygning viser tilbake på at den har spilt en betydningsfull sosial rolle i et historisk forløp.*"

Busetjing handlar om langt meir enn tilgang på arbeidsplassar. Norsk institutt for by- og regionsforskning utførte i 2008 "Bo og flyttemotivundersøkelsen". Tilsvarande undersøking vart gjennomført i 1972. 10.000 personar deltok i undersøkinga i 2008, og vart spurta om kvifor dei hadde flytta, eller kvifor dei ikkje hadde flytta. Resultata frå undersøkingane viser tydeleg at fritid og familie blir ei stadig viktigare årsak til at folk flyttar eller vel å bli buande (Sørli 2008). I 2008 svara 21 % av dei spurte på landsbasis at "sted/miljø" er avgjerande i forhold til spørsmålet om flytting. I 1972 svara 9 % det same. Tabellen nedanfor viser kva dei spurte har svara på spørsmålet om flytting ved undersøkinga i 2008 på landsbasis og i Sogn og Fjordane.


|           | Utdanning | Arbeid | Familie | Helse | Bolig | Sted/Miljø |
|-----------|-----------|--------|---------|-------|-------|------------|
| Landet    | 4         | 20     | 27      | 3     | 25    | 21         |
| S. og Fj. | 3         | 17     | 39      | 5     | 14    | 22         |

(Bo og flyttemotivundersøkelsen 2008)

I undersøkinga har dei mellom anna lagt vekt på kulturtildel, fysiske forhold ved nærmiljøet, forhold ved det sosiale nærmiljøet og stadstilhørsle innan kategorien "Sted og miljø".

Mange bygdesamfunn i Sogn og Fjordane har i lengre tid vore prega av fråflytting, spesielt frå ungdomar og kvinner. Det at fleire legg vekt på andre forhold enn arbeid som årsak til om dei flyttar eller ikkje, syner at vi er avhengig av å tenke breitt i arbeidet med busetjing i bygdene. Behovet for gode møtestadar og attraktive fritidstilbod blir stadig viktigare. Born og unge si identitetkjensle i høve til heimstaden heng tett saman med om dei opplever ei meiningsfull fritid.

I "Kulturstrategi for Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2008-2011" blir det slått fast at kulturpolitikken i fylket skal målast etter mellom anna desse parametra: "Gode kreative møteplassar", "Kompetente, kreative og mangfaldige lokalsamfunn", "Levedyktige lokalsamfunn" og "Innbyggjarar som tek vare på eiga utvikling" (s. 5). Gjennom Kulturstrategien vil fylkeskommunen "Skape fungerande arenaer for produksjon og formidling av kunst og kultur" (s. 6). Det blir òg slått fast at "Det er kulturaktiviteten i kvarldagen, der enkeltindividet sjølv er aktørar i eige lokalsamfunn, som skaper nærliek til andre og som er viktig for utvikling av lokal tilhøyre og identitet." (s. 11). Vi meiner "Huset i bygda" er eit svært godt prosjekt i arbeidet med desse og andre mål i Kulturstrategien.



Gode kulturaktivitetar og bu- og oppvekstmiljø er svært sentralt for busetnadsutviklinga. Vi meiner dei mange organisasjonseigde forsamlingshusa i fylket er vesentlege i dette biletet. Gode fysiske

møteplassar skapar gode fritidstilbod, samhald og heimstadsidentitet. Bygdene sine eigne kulturygg må derfor utviklast med tanke på framtida. Gjennom "Huset i bygda" vil dette vere eit hovudmål.

### Sogn og Fjordane Ungdomslag og Norske kulturygg

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) hadde i 2009 rundt 50 aktive lokale ungdomslag og ca. 1600 medlemer. Over 30 av laga er eigar eller medeigar i eit lokalt kulturygg. SOFUL har lang erfaring med å vere serviceorgan for ungdomslaga, og har auge for både aktiviteten i laga og husa der aktiviteten finn stad. Dessverre har ikkje SOFUL ressursar til å følgje opp laga med hus i tilstrekkeleg grad. Mangelen på overordna støtte til organisasjonseigde kulturygg er svært merkbar i mange lag. SOFUL ynskjer å ta dette ansvaret - ikkje berre med tanke på eigne medlemslag, men òg frittståande lag med hus.

Norske kulturygg (Nk) er tenesteorganisasjonen for ungdomslag med hus og lagsbruk i Noregs Ungdomslag. Over 300 ungdomshus i heile landet er knytt til Nk gjennom Noregs Ungdomslag. Gjennom Norske kulturygg får ungdomslaga hjelp og rådgjeving rundt spørsmål om drift, utbygging og restaurering av ungdomshus. Dei to tilsette i Norske kulturygg har stor kompetanse på området og eit godt nettverk. Nk er derfor ein naturleg samarbeidspart i prosjektet "Huset i bygda".

## **Målsetting**

Gjennom prosjektet "Huset i bygda" skal vi løfte fram og styrke dei organisasjonseigde kulturyggene i Sogn og Fjordane. Huset i bygda skal bli styrka som sosial møtestad, som arena for utøving av kultur og som kulturminne.

Gjennom prosjektet vil vi gje frittståande og organisasjonstilknytte lag som eig og driv kulturygg nye verktøy og ny glød i arbeidet med å skape moderne og framtdsretta kulturygg. Dette vil skape auka kulturaktivitet og samhald i bygdene.

I dag er det få, utanom huseigarane, som kjenner eit overordna ansvar for ungdomshusa, bygdehusa, grengehusa og andre organisasjonseigde hus i fylket. "Huset i bygda" er eit nyskapande, dristig og samfunnsbyggande prosjekt, og vil bli eit vesentleg og nødvendig bidrag i utviklinga av eit rikare kulturliv i mange bygdesamfunn.

Sogn og Fjordane Ungdomslag og Norske kulturygg står bak prosjektet som starta våren 2009 og vil bli avslutta i 2012.

## **Prosjektgjennomføring og metode**

### **Gjennomføring**

Prosjektet HIB har gjennom den tre-årige prosjektpersonen funnet sin arbeidsmetode undervegs. Det er utfordrande å jobbe med eit nyskapande prosjekt som ikkje har verken ein mal å følgje eller noko å måle seg etter. Vi har utarbeida ein mal som vi meiner kan nyttast av andre, og den er laga slik at ein utan forkunnskap eller samla materiell, kan starte opp eit liknande prosjekt.

I prosjektplanen vart det satt opp fem tiltakspunkt som var utgangspunktet for arbeidet. Prosjektet har vore dynamisk i forma og lagt opp innhald, satsningsområder og utarbeidinger av materiell etter huseigare sine behov og ynskjer. Men vi ser likevel at vi har haldt oss til dei fem tiltakspunktene som låg i prosjektplanen frå 2009. I denne rapporten har vi valt å sette det opp punktvis med plan og korleis gjennomføringa vart gjort.

### **3.1 Lokale kurs og rettleiing til huseigarar**

#### **Plan**

Gjennom "Huset i bygda" vil vi tilby ungdomslag, grendelag, velforeiningar og andre som er eigarar av kulturygg rettleiing og lokale kurs i drift og utvikling av husa. Det er viktig å gjere laga og dei


tillitsvalde betre kjent med regelverk og støtteordningar for husa. Vi vil hjelpe huseigarane med å få auka bruk av husa ved å skape eigne arrangement, ved å få andre organisasjonar til å bruke huset meir og arbeide for auka utleige til privatpersonar. Ved å lage til lokale kurs vil vi skape auka engasjement for huset og få fleire til å sjå husa som viktige møtestadar og kulturminne.

På bakgrunn av dei lokale kursa og samlingane vil vi utvikle idébank, kursmateriell og verktøy som kan bli tatt i bruk av organisasjonar som eig kulturygg. Vi vil legge vekt på å spreie dei gode eksempla, slik at kunnskapen og ideane kan gå vidare frå hus til hus. På denne måten trur vi at prosjektet og arbeidet med kulturygga vil leve vidare etter prosjektslutt.

### Gjennomføring

Vi har hatt kontakt med 87 unike hus og 163 personar som er knytt til desse husa. Det har vore møter der styre eller andre eldsjeler har vore samla for å treffe HIB og/eller har vore telefonsamtaler og e-postar.

Det er utarbeid ein eiga nettside som er verktøyet til huseigarane. Her har vi samla alle malar og verktøy som er utarbeid. Vi har prøvd å finne dei gode ideane og dei gode historiene. Dette vert brukt som inspirasjon under møter og vi formidlar idear i idébankar på nettsida.



Ill.1 Diagram som viser fordeling på møter i regionane i Sogn og Fjordane

### 3.2 Kulturhuskonferansen og regionale huskurs

#### Plan

Sogn og Fjordane Ungdomslag og Norske kulturygg gjennomførte Kulturhuskonferansen i mars 2009. Rundt 30 personar frå 12 ulike lag deltok på konferansen. I oktober skipa vi til ”Kurs i husdrift” (3. kurs i ei rekke av 3 huskurs). Det deltok i alt 13 personar frå seks lag på dette kurset. Deltakarane på kursa var både tilslutta lag i Sogn og Fjordane Ungdomslag og andre lag.

Vi vil dei nærmaste åra gjennomføre fleire regionale huskurs og konferansar, der vi vil invitere alle lag som eig og/eller driv lokale kulturygg.

### Gjennomføring

Det har vore gjennomført Kulturhuskonferanse i 2010 og 2011. Det var planlagt ein i 2012, men pga. låg påmelding vart denne avlyst. Vi gjorde i 2010 ei runde med regionsamlingar i samarbeid med styret i SOFUL. Den gong var det lokallag i SOFUL som var samla. Vi reiste på fem ulike stadar og 45 personar deltok på møta i denne runda. Dette var ein god måte å treffe mange på. Våren 2012 tok vi difor ei runde med regionsamlingar, med stor suksess. Her klarte vi å samle 47 ulike hus. Dette vart difor også løysinga når vi såg lav oppslutnadt om Kulturhuskonferansen hausten 2012, at vi vinteren 2013 starta ei ny runde med regionsamlingar. Dette er ein god måte å nå mange huseigare nært heimstaden. Vi ser at det er utfordringar knytt til geografiske store avstandar i fylket vårt. Det er lettare å samle mange når vi reiser ut, enn å prøve å samle mange på ein stad. Dette vert difor vektlagt i overføring til andre stader.

## **Kulturhuskonferansen 2010**

Stad: Olden, Stryn Kommune

Deltakare: 17 personar

Innhald: Presentasjon av prosjektet, Ein mangfaldig kulturarena for framtida, Suksesshistorie, Kulturbrygga som kulturminne, G-mail som verktøy i drift av hus, støtteordningar

Innleiarar: Kristin Sandal - prosjektleiar, Anders Slaatsveen – dagleg leiar i Norske kulturbrygg, Magnar Bolstad – styre i Leikanger Ungdomslag, Arlene Synnøve Bide og Knut Åland – rådgjevarar på kulturavdelinga til Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

## **Kulturhuskonferansen 2011**

Stad: Eikås, Jølster Kommune

Deltakare: 19 personar

Innhald: Presentasjon om prosjektet, Suksesshistorie, Tilskotsordningar og søknadsskriving

Innleiarar: Kristin Sandal – prosjektleiar, Kjell Eide – Åfjordalen Bygdehus, Anders A. Vik – Kristiansund Kommune

## **Regionsamlingar 2010**

Innhald: Om prosjektet, støtteordningar,

| Stad      | Deltakare | Hus |
|-----------|-----------|-----|
| Leikanger | 12        |     |
| Blaksæter | 13        |     |
| Leirvik   | 14        |     |
| Hardbakke | 6         |     |

## **Regionsamlingar 2012**

Innhald: Om prosjektet, drift, aktivitet og økonomi.

| Stad       | Deltakare | Hus |
|------------|-----------|-----|
| Bremanger  | 14        | 6   |
| Balestrand | 10        | 5   |
| Gaular     | 10        | 7   |
| Gloppen    | 14        | 9   |
| Gulen      | 16        | 10  |
| Luster     | 8         | 4   |
| Stryn      | 10        | 6   |

## **Regionsamlingar 2013**

Innhald: Om prosjektet, drift, aktivitet, økonomi og marknadsføring.

| Stad    | Deltakare | Hus |
|---------|-----------|-----|
| Jølster | 10        | 7   |
| Askvoll | 9         | 6   |



Ill.2 Frå Kulturhuskonferanse på Eikås i 2011

### 3.3 Bygdemøte for huset


#### Plan

Eit sentralt mål i prosjektet er å skape auka bruk, auka status og meir framtidsretta kulturbrygg i bygdene i Sogn og Fjordane. Vi vil derfor, i lag med dei lokale huseigarane, invitere heile bygda til bygdemøte for huset. Alle lokale organisasjonar som er eller kan bli brukarar av huset blir invitert spesielt. Til fleire vi er til sterkare står vi!

Vi vil søkje samarbeid med viktige bygdeorganisasjonar lokalt som 4H og Bygdekvinnelaget, og ta i bruk metodar frå prosjektet *Trivselsbygda* som 4H Norge, Norges Bygdekinnelag og Norges Bygdeungdomslag står bak.

#### Gjennomføring

Med utgangspunkt i verktøyet *Trivselsbygda* har vi utarbeid eit verktøy med namnet *Huset i bygda* – aktivitetkart. Dette er ein plansje som kan brukast for å få fram idear, behov og muligheiter for huset og evnt. uteområde. Det er også utarbeid ein brukarmanual til plansjen, og ideen er at denne kan brukast på bygdemøter, i styre, medlemsmøter osv. Prosjektet har både fått trykt opp dette til utdeling og det ligg nedlastbart på nettsida vår.



Ill.3 Plansje i verktøyet *Huset i bygda* – Aktivitetkart som er eit hjelpemiddel til idemyldring.



Ill.4 Veiledningshefte til verktøyet *Huset i bygda* – Aktivitetkart.

### 3.4 Synleggjering av husa og politisk påverknad

#### Plan

For at dei organisasjonseigde kulturbygga og forsamlingshusa skal få auka status og merksemd vil vi arbeide aktivt mot media. Vi vil òg motivere laga til å lage lokale kampanjar for å synleggjere huset i bygda.

Vi ynskjer å utarbeide informasjonsmateriell som kan nyttast av huseigarane og distribuerast i lokalmiljøet, til kommunane og andre. Eit mål er også å jobbe for at ulike lag som eig kulturbygg i ein kommune kan gå til felles kamp for huset i bygda, og i fellesskap påverke kommunar og andre.

#### Gjennomføring

Vi starta i 2010 eit arbeid med å få offentlig støtte til drift av prosjektet og å få synlighet i det politiske miljø. Sogn og Fjordane Fylkeskommune var tidleg inne å støtta prosjektet både økonomisk og med stor interesse for temaet om dei organisasjonseigde kulturbygga. Vi har hatt med ulike fagpersonar frå fylkeskommunen på samlingar og dei har sagt seg villig til å delta på komande arrangement som inndeiar. I løpet av 2013 vil dei delta for å informere om støtteordning som dei administrerer.

Vi har fått støtte frå fleire kommunar og dei vert invitert til å vere delaktige i møter vi arrangerer i deira kommune. Dette har vore eit viktig grep for å få merksemd omkring husa. Når Huset i bygda vart eit Bulyst prosjekt i 2011 fekk vi også nasjonal merksemd som viser viktigeita av tematikken.

Det er utarbeida mal for å lage brev til bygda. Dette er informasjonsskriv som vert sendt ut til lokalbefolkinga, næringsliv eller andre som huseigar ynskjer å informere om aktivitet, behov og arrangement m.m.



Ill.5 Mal/døme på "Brev til bygda"

### 3.5 Dokumentasjonsarbeid

#### Plan

Vi vil jobbe vidare med å dokumentere standarden og framtidsvylene til husa. Eit tiltak i så måte er å få registrert så mange hus som mogleg i databasen [www.kulturbrygnett.no](http://www.kulturbrygnett.no) som blir drive av Norske kulturbrygg. Huseigarane lokalt vil òg bli tilbydd hjelp i arbeidet med å dokumentere standarden til huset og viktige milepælar i huset si historie.

Gjennom prosjektet vil vi utvikle ein base med data over lokale kulturhus i fylket. Dette er eit stort og omfattande arbeid, sidan det i dag er gjort lite dokumentasjonsarbeid innan dette feltet.

## Gjennomføring

I løpet av prosjektperioden til Huset i bygda vart drifta av Norske kulturygg redusert og i 2012 lagt ned. Dette gjorde at vi ikkje såg det som tenleg å nytte den databasen som låg under kuturbyggnett.no. Vi utforma då ein ny husdatabase i samarbeid med eit kommunikasjonsbyrå. Denne er knytt til heimesida vår og er tenkt å vere eit reiskap både for det offentlige som kan få god oversikt over hus inndelt i kommunar og fylker. Men også for huseigar som vil ha dokumentasjon om sitt hus samla på ein stad. Databasen er også utforma slik at den skal vere interessant for folk flest å sjå innom. Her er det lagt opp til å legge ut bilete og informasjon som er lettleselig for alle. Det er også ein skematisk oppbygging på faktainformasjon, slik at dette vert lett lett å legge inn og lett å hente ut.

Ill.6 Registreringsskjema i nettbasert husdatabase.

Vi har sidan oppstart jobba med å få oversikt over tal organisasjonseigde kulturygg i fylket. Dette har vi gjort ved å kontakte kommunar, huseigare, fylkeskommune m.m. Det er svært mange slike hus i enkelte kommunar og mange av desse har ikkje noko aktivt styre eller aktivitet i. Dette gjer at dei ikkje alltid er synleg i oversikter i kommunar for eksempel som gjerne vert bygd på informasjon som kjem inn ved søknader etc.

Pr i dag har vi klart å få informasjon om 290 hus i Sogn og Fjordane. Då manglar vi framleis kvalitetssikring frå fleire kommunar.

| Kommune    | Tal hus | Kommunen har sendt liste |
|------------|---------|--------------------------|
| Flora      | 26      | x                        |
| Gulen      | 6       | x                        |
| Solund     |         |                          |
| Hyllestad  | 12      | x                        |
| Høyanger   | 12      |                          |
| Vik        | 13      | x                        |
| Balestrand | 5       |                          |
| Leikanger  | 5       |                          |
| Sogndal    | 16      | x                        |
| Aurland    | 11      | x                        |
| Lærdal     |         |                          |
| Årdal      | 5       | x                        |
| Luster     | 31      | x                        |
| Askvoll    | 12      | x                        |
| Fjaler     | 4       |                          |
| Gauldalen  | 15      | x                        |
| Jølster    | 13      |                          |

| Førde     |    |   |
|-----------|----|---|
| Naustdal  | 11 |   |
| Bremanger | 22 | x |
| Vågsøy    | 25 | x |
| Selje     | 8  |   |
| Eid       |    |   |
| Hornindal | 3  |   |
| Gloppen   | 19 | x |
| Stryn     | 16 | x |

Ill.7 Oversikt over tal hus vi har oversikt på pr. april 2013.

## **Resultat, resultatvurdering og overføringsverdi**

Det er vanskelig å sette klare og konkrete målsettingar på resultat ved oppstart av eit prosjekt som ikkje er gjennomført noko stad før og som er eit helt nytt type prosjekt. Vi ser likevel at prosjektet har hatt den utvikling som var ynskjeleg og vi har klart å sette fokus på ein rekke viktige moment som var målsetting ved oppstart. Mange huseigare har i ein eller anna form delteke i prosjektet og vi trur det vil ha langvarige effektar for den enkelte. Nettsida som verktøykasse er eit konkret resultat som også vil kome mange fleire enn dei vi har hatt kontakt med til nytte.


Det er ein anna side av resultatet som ikkje er mulig å vise i eit skjema eller oppsett.

Huset i bygda har stor overføringsverdi til andre som ynskjer å gjennomføre eit prosjekt for sine organisasjonseigde kulturbygg. Prosjektmalen vår kan takast i bruk med det same og passer for alle type organisasjoner, ikkje berre dei som er tilknytt Noregs Ungdomslag.

### **Utarbeidning av materiell**


Det vart i løpet av 2011 laga ein HIB-perm, der vi samla dei ulike malar og informasjon som kunne vere nyttig. Vi oppdaterte denne kontinuerlig og innhaldet vart stadig meir innhaldsrik. Denne permen vart kopiert opp for kvar samling og møte. I 2012/13 vert malane standardisert slik at dei ligg i HIB-profil og vi vil lage ein eigen perm som nyttast til dette.

Alt vi lagar av oversikter og malar ligg tilgjengelig digitalisert på nettsida vår [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no) som vart oppretta hausten 2012. Frå 2010 og fram til 2012 har vi nytta SOFUL si heimeside og laga undersider til prosjektet. Dette vart lite tenleg i lengda, då både det var begrensningar på mengde som kunne leggast inn og profilen på sida ikkje var slik vi ynskja den skal gjere i høve vårt arbeid.



Ill.8 Nettsida [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no) er verktøykassa til huseigare.

Nettsida er delt opp i tema som også følgjer HIB-permen. Det er tre hovedtema som er drift, aktivitet og økonomi. Dette dekker det meste som skjer i eit arbeid med hus. Følgjande er utrabeid i høve tema:



Ill.9 Diagram som viser kva verktøy og materiell vi har utarbeida i første prosjektpériode.

## Resultatvurdering

Samfunnet er stadig i utvikling og endringar i folk sine interesser og levemønster er konstant. Organisasjonsarbeid er noko som dei siste åra har hatt stadig nedgang i oppslutnad. Vi hører om tillitsvervkrisen og sviktande dugnadsånd i Norge. Dette er noko som trendar elles i samfunnet har stor innverknad på. Vi har ikkje lenger behov for å skape noko sjølv for å ha noko å delta på. Det er så mange tilbod som vi enkelt kan delta i, og vi vil kanskje heller betale for å få dette tilrettelagt enn å gjere jobben sjølv. Det er ingen enkel måte å snu denne trenden på og prosjektet som HIB kan ikkje åleine gjere store endringar. Men vi ser at det stadig er meir og meir fokus på å delta. Aktive barn og unge, friluftsliv og helse er nokre stikkord. Det er blitt ein trend å vere sunn og frisk ungdom. Det skaper igjen behov for å ha rom til å utfolde seg i. Arenaer som kan nyttast til å skape aktivitet. Kulturutredningen 2014 som vart lagt fram til Kulturminister Tajik av Enger-utvalget 4.mars 2013 seier noko om dette som er viktig å ha med seg i arbeid med våre lokale arenaer.

### 12.20 Fritidsklubber og selvstyrte kulturarenaer for ungdom

Etter utvalgets oppfatning er det likevel grunn til å hevde at fritidsklubber burde fått større kulturpolitisk oppmerksomhet i denne perioden. Vi tenker da på fritidsklubber som svarer til beskrivelsen «kulturhus for ungdom». Satsingen på rytmisk musikk er en viktig side ved kulturpolitikken etter 2005. Sett i lys av at kulturhus for ungdom er utviklingsarenaer for nettopp rytmiske uttrykksformer, er det påtakelig at det ikke har blitt lagt mer vekt på å styrke disse arenaene og på deres rolle som en del av kulturlivet.

### 12.21 Det frivillige kulturlivet

For det første pekes det på at det er en mangel på egnede framførings- og øvingslokaler. Dette gjelder for dans, teater og billedkunst, men kanskje særlig det frivillige musikklivet, som korps, kor, storband og amatørorkestre.

*Det blir i denne sammenhengen pekt på at lokalene det frivillige kulturlivet har til rådighet, ofte samfunnshus eller skolebygg, ikke er tilpasset de økte kvalitetskravene som gjør seg gjeldende for kulturaktiviteten.*

## I kapittel Styrk den kulturelle grunnmuren – et løft for det lokale kulturlivet

### 15.4 Styrk fritidsdeltakelsen i kunst- og kulturlivet

*Utvalget anser at de frivillige kunst- og kulturaktivitetene er en av hjørnesteinene i den kulturelle grunnmuren. Fritidens kunst- og kulturaktiviteter byr på den typen møteplasser og arenaer som understreker de grunnleggende verdier kulturpolitikken bør bygge på – demokrati, rettferdighet og mangfold. Den samfunnsdeltakelsen som finner sted når befolkningen tar del i kunst- og kulturaktiviteter i sin fritid, bidrar til å skape tillit mellom mennesker og er en temperaturmåler på hvordan samkvemmet mellom ulike deler av befolkningen utspiller seg. På mange måter kan en derfor si at graden av kulturelt fritidsengasjement er et suksesskriterium for norsk kulturpolitikk.*

*For det tredje vil utvalget peke på behovet for egnede øvings- og framføringslokaler for det frivillige kulturliv. Som vi påpekte i kapittel 12, bør det gjennomføres en nasjonal kartlegging av behovet for lokaler i det lokale kulturlivet. Utvalget har inntrykk av at mange kommuner og fylkeskommuner ikke godt nok ivaretar det ansvaret voksenopplæringsloven pålegger dem – jf. punkt. 15.3.2 ovenfor – om etter søknad å stille undervisningslokaler vederlagsfritt til disposisjon for studieforbund og medlemsorganisasjoner når det avholdes kurs med tilskudd etter voksenopplæringsloven.*

Dette er moment som viser kor viktig desse organisasjonseigde kulturbygga er i lokalmiljøet. Og at vi må ikkje gløyme alle dei fantastiske bygga som står i kommunane våre når vi diskuterer kultur og lokalitetar. Det er mange offentlige kulturhus som er bygd i landet vårt gjennom dei siste åra. Dette er viktige hus som rommar mykje kultur og som har ein standard som mykje av kulturlivet krev i dagens samfunn. Men for å få fram nye talentar, gje terskelfrie scener å stå på, skape tradisjonar for å yte, ikkje kun krevje og ta, treng vi dei organisasjonseigde kulturbygga. Prosjektet Huset i bygda har bidrige til å styrke huseigarane sin kompetanse og arbeidsmetode, ved å gje dei verktøy som dei treng i sitt arbeid. Mange forvaltar store eigendomar og store kulturminner. Alt dette vert gjort på frivillig basis og nesten utan midlar til å bruke på naudsynt vedlikehald og opprusting. Vi ser også at i mange tilfelle er det ikkje gode rutinar og god struktur på arbeidet. Dette er sjeldan eit resultat av at dei ikkje har interesse eller ser kva ansvar dei har, men mangel på noko å hjelpe seg med. Det er på høg tid at nokon ser alle desse menneska som gjer sitt ytтарste for å gje lokalsamfunnet eit levande kulturhus.

## Overføringsverdi

### Vidareføring i Sogn og Fjordane

Styret i SOFUL tilår og går inn for å vidareføre prosjektet i nye 3 år, dvs. ut 2015. Dette på bakgrunn av blant anna av at Norske kulturbygg (NK) som NU var tilknytt i høve ”rusfrie ungdomshus” mista støtta si og vart nedlagt i 2012.

Det er fra 1.mars tilsett ny prosjektleiar som i dei første månadane vil jobbe parallelt med noverande prosjektleiar. Finansieringa av denne stillinga må i første omgang baserast på bruk av eigenkapitalen i SOFUL, der den nye prosjektlearen også skal söke på midlar med mål om å få stillinga si sjølvfinansierande. Vi ser for oss at NU vil bidra på nokre områder, som for eksempel drift av heimesida til Huset i bygda. Det vil i løpet av mai månad bli laga ei skriftleg avtale mellom SOFUL og NU om korleis dei ilag skal kunne drive og utvikle HIB både i Sogn og Fjordane og i andre deler av landet.

### Huset i bygda 2010-2013

Frå prosjektet ”Huset i bygda” starta for fullt i januar 2010 har vi merka oss at mange av laga som eig og/eller driv lokale kulturbygg har stort behov for kompetanse, støtte og ny giv i arbeidet for huset. Vi har i perioden 2010 og fram til dags dato vore i kontakt med 87 lokale lag som eig kulturbygg, via

regionale samlingar, lokale husmøte og Kulturhuskonferansen eller via telefon eller nett. Huseigarane set stor pris på kontakten, hjelpa og ideane dei har fått, og har fått ny motivasjon og glød.

Frå prosjektplanen 2013-2015:

*"Huset i bygda" har i prosjektperioden 2010-2013 fått støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, frå lokale kommunar og vart i 2011 plukka ut som eit Bulystprosjekt med midlar frå Kommunal- og Regionaldepartementet. Vi har fått laga eit godt fagleg fundament og etablert gode nettverk løpet av perioden. Vi har òg utarbeidd heimesider, husdatabase og grafisk profil for prosjektet, og skipa til mange kurs og samlingar med god deltagning. Men jobben er på langt nær utført, vi er berre så vidt i gang! Vi ser verkeleg behovet for ei vidare satsing for å skape hus for framtida.*

### Samarbeidspartner i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert hausten 2010, og er saman med Sparebankstiftinga Fjaler eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Gjennom sitt eigarskap i sparebanken har stiftinga ein eigenkapital på nærmere 1,8 milliardar og er dermed ein dei største forretningsstiftingane i landet.

Stiftinga forvaltar store verdiar og har ambisjonar om å verte ein viktig aktør i samfunnsutviklinga i fylket, først og fremst som den dominerande eigaren av den største banken i fylket, men også gjennom utdeling av gåver til allmennytige formål. Som eigar av banken vil vi få årlege utbytter på våre eigenkapitalbevis, og deler av dette vil gjevest som støtte til lags- og kulturlivet i fylket- i god sparebanktradisjon.

Sparebankstiftinga har følgjande formål:

- ♦ Å vere ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane, og å vidareføre sparebanktradisjonar.
- ♦ Gi gåver til allmennytige føremål. Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane si verksemd.
- ♦ Plassere midlar på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga var inne å støtta prosjektet HIB i 2009 og 2010. I forbindelse med vidareføring av prosjektet tok HIB kontakt med Sparebankstiftinga for å ha ein dialog omkring temaet. Dei mottek årleg mange søknader frå husa som HIB jobbar med. Medan prosjektet rettleiar huseigare i drift og gjer idear og tips om korleis ein bør skrive søknader, ser Sparebankstiftinga dette frå andre sida. Det er viktig for prosjektet å ha dialog med ulike aktørar som møter huseigare i ulike samanhengar slik at vi saman og på best mulig måte kan hjelpe dei organisasjonseigde kulturybygga til å bli levedyktige hus i framtida. Sparebankstiftinga ser verdien at prosjektet og kva kompetanse vi etterkvart sitter på når det gjeld det enkelte hus.

### Overføring til andre fylker

Det vart i løpet av våren 2012 tatt kontakt med Noregs Ungdomslag (NU) vedr. overføring til andre fylker/regionar. Dei synest dette er ein god måte å jobbe på og var interessert i å kunne ta dette vidare. Norske kulturybygg som tidlegare tok eit overordna ansvar for NU sine ungdomshus vart lagt ned i 2011. NU ynskjer å bruke HIB som ein mal for å arbeide vidare med sine lokallag som eig hus. I mai 2013 vert det inngått avtale mellom SOFUL og NU om korleis NU skal ha eit overordna ansvar for HIB i framtida.

I mars 2013 var det møte med Hordaland Ungdomslag, prosjektleiar i HIB, styreleiar i NU og Hordaland Fylkeskommune for å sjå på muligheter til å starte prosjektet i deira fylke. Dette vert arbeid vidare med sikte på å starte Huset i bygda i Hordland i løpet av 2013. Det er utarbeida ein plan med budsjett og det er no finansiering som er hovudfokus på å få på plass.

NU har lagt fram forslag til landsmøte 21.april om å opprette Huslag som ny medlemskategori.  
Utdrag frå saksutgreiinga til landsmøte I Noregs Ungdomslag 2013:

*Styret meiner det vil vere føremålstenleg å styrke Noregs Ungdomslag sin posisjon som politisk og fagleg organisasjon for dei lokale kulturhusa, og eit viktig steg i denne retning vil kunne vere å inkludere fleire typar lokale kulturhus utanom dei tradisjonelle ungdomshusa i medlemsmassen vår.*

*Rundt om i landet finst det mange grendehus med mange ulike eigarstrukturar og NU si eine medlemskapsordning passar ikkje alltid like godt. Mange grendehus er bygde av lokale foreiningar eller stiftingar som ikkje er tilslutta nokon sentral medlemsorganisasjon som til dømes NU er, og som ikkje er tufta på ideen om at ein blir medlem ved å betale kontingent. Ofte ser ein at slike eigarar sin primære funksjon ikkje er å drive aktivitet som eit medlemslag, men å drifta eit hus for andre brukarar med sine aktivitetar. For desse er det ikkje naturleg å melde seg inn i NU som eit aktivitets- og medlemsbasert lokallag.*

*NU har eit potensiale for å kunne rekruttere denne type hus inn i rørsla, dersom ein tilpassar medlemskapsordninga. Noregs Ungdomslag tilbyr eit større miljø, og økonomiske fordeler til huseigande lokallag. NU har dessutan også ei viktig kulturpolitisk rolle i å synleggjere kor viktig det er å satse på dei lokale kulturenarenaene. Mellom anna utfører NU saman med andre organisasjonar eit politisk lobbyarbeid som også kjem dei "uorganiserte" husa til gode.*

Vedtaket vart positivt og Noregs Ungdomslag (NU) har no blitt ein enda viktigare organisasjon for dei organisasjonseigde kulturbygga. Dei har tatt på seg ei rolle som vi gjennom prosjektet har sett har mangla. Mange huseigare jobbar hovudsakelig med drift av husa og har ikkje hatt ein naturlig tilhøyring til nasjonale organisasjonar som har aktivitet som hovudfokus. NU er ein sterk organisasjon som vil vere ein godt samlingspunkt for huseigare i heile landet. Gjennom medlemsskap vil dei stå sterkare i sakene dei kjempar for, og dei vil finne nettverket som vi ser har vore totalt fråverande. Dette er ei stor og viktig utvikling i arbeidet for å skape framtidsretta kulturbygg i distrikta våre.

## **Avsluttande kommentarar**

Med grunnlag i det som er dokumentert i rapporten og dei mange saksdokument vi har i arkivet vårt ser vi Huset i bygda som ein stor suksess. Det har vore ein til tider lang og uviss veg å gå, men vi ser at vi har funnet gode løysingar på dei problemstillingane vi har kome over. Det er viktig å tørre å gå feil, då klarer ein å finne dei gode løysingane og få gode resultat.

Det har vore heilt avgjerande for prosjektet at vi har fått god støtte fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Kommunal- og Regionaldepartementet. Dei har stått for storparten av den eksterne finansieringa, og dette har gjeve oss rom til å fokusere på det som er viktig i prosjektet, huseigarane. Sidan prosjektet lever i beste velgåande vidare etter denne første perioden er det ikkje ein ferdig pakke som ligg til rapportering og avslutning. Vi har arkiv på det som er blitt gjennomført av møter og liknande men alt av materiell, verktøy og databaser etc. vert kontinuerlig endra og oppdatert. Vi oppmodar difor alle som er interessert i å sjå verktøykassa vår om å nyte heimesida [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no) for å sjå kva innhaldet i Huset i bygda verkeleg er. Det vil bli lagt ut informasjon der fortløpende også frå første prosjektperiode, då det tar tid å legge alt i malar og i system. Dette er overført til ny prosjektleiar og ny prosjektperiode.

Huset i bygda 2010-2013 har vore ein suksess som har fått gjennomført eit viktig arbeid. Vi ser med glede på at det har skjedd mykje også rundt sjølve prosjektet i perioden vi no er ferdig med og at det har brøya veg for å skape framtidsretta kulturbygg i Sogn og Fjordane.

